
Saksnr: 2020/60690-22
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

Kunnskapsgrunnlag og strategi frivillig sektor i Vestland

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtar frivilligstrategi for Vestland 2021-2022 . Frivilligstrategien blir tatt med vidare inn i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035.
2. Vestland fylkeskommune vil markere Frivilligheitas år 2022 gjennom regionale arrangement og ved å yte tilskot til frivillige organisasjonar. Fylkeskommunen vil prioritere dette ved budsjettarbeidet 2022.

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i møte 4. juni 2020, sak 98/2020, å setje i gang arbeidet med kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland og frivilligpolitisk strategi. Ei tverrfagleg gruppe i fylkeskommune har arbeidd i lag om dette sidan sommaren 2020. Ei referansegruppe med deltakarar frå regionale frivillige organisasjonar har kome med råd og innspel undervegs. Fylkesrådmann legg no fram kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor til orientering og tilrår at hovudutvalet vedtar frivilligstrategi for Vestland 2021-2022. Måla og tiltaka i strategien blir tatt med i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, og i handlingsprogrammet for planen. Frivilligheitas år 2022 vil bli ei stormønstring av frivilligheita i landet, og Vestland fylkeskommune vil setje av midlar til å markere året.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Frivilligstrategi for Vestland 2021-2022
- 2 Kunnskapsgrunnlag Frivillig sektor i Vestland, mai 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde følgjande vedtak i sak 98/2020, i møte 4. juni 2020:

1. Vestland fylkeskommune startar arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering våren 2021.
2. Vestland fylkeskommune vil vedta frivilligpolitisk strategi for Vestland i 2021. Den frivilligpolitiske strategien for Vestland skal vere med som ein av strategiane knytt til utviklingsplan for Vestland 2021-2024.
3. Det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe til å jobbe med kunnskapsgrunnlaget og til å førebu frivilligpolitisk strategi for Vestland. Grappa blir leia av avdeling for kultur, idrett og inkludering.
4. Vestland fylkeskommune innleier eit samarbeid med Frivillighet Norge knytt til arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Leiargruppa i avdeling for kultur, idrett og inkludering sette i august ned ei tverrfagleg gruppe, «Frivilliggruppa», til å leie dette arbeidet. Regionale frivillige organisasjonar vart oppmoda om å delta i arbeidet via ei referansegruppe som vart sett ned i oktober. 24 organisasjonar som representerer stor breidde innan frivillig sektor er med i referansegruppa.

Frivillighet Norge er frivillig sektor sitt interessepolitiske samarbeidsforum med over 300 medlemsorganisasjonar. Vestland fylkeskommune gjekk inn i ein intensjonsavtale om samarbeid med Frivillighet Norge, etter vedtak i fylkesutvalet 29. oktober 2020, sak 198/2020. Frivillighet Norge har vore ein god samarbeidspart i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og frivilligpolitikk, og gjennom felles digitale konferansar for frivillig sektor.

Frivilliggruppa har gjennomført møte med fylkeseldrerådet, Vestland ungdomsutval og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Grappa har også hatt fleire møte med frivillige organisasjonar og aktørar som jobbar med frivillig sektor. I tillegg har mange kome med innspel til arbeidet via e-post og dei digitale konferansane.

Kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har vore det mest ressurskrevjande for frivilliggruppa. I kunnskapsgrunnlaget har gruppa primært nytta forskning, undersøkingar og statistikk, samt regionale, nasjonale og internasjonale mål- og plandokument. I tillegg gjennomførte Vestland fylkeskommune ei spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i desember 2020. Denne har blitt brukt i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og i frivilligstrategien.

Førsteutkastet til kunnskapsgrunnlag var klart i januar. Det vart gjennomført innspelsrunde, og det kom inn om lag ti innspel. I tillegg kom referansegruppa og andre med innspel i møte. Andre utkast var klart i mars, og sendt til innspel hos Frivillighet Norge, enkeltorganisasjonar og seksjon for statistikk, kart og analyse i Vestland fylkeskommune. Referansegruppa kom også med innspel til andre utkast. Frivilliggruppa har tatt med innspela i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget som ligg ved denne saka. Kunnskapsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, og fylkesrådmann legg derfor til grunn at kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg. Dette er lagt inn som forslag til tiltakspunkt i frivilligstrategien.

Kunnskapsgrunnlaget peikar på mange interessante utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter i frivillig sektor. I dokumentet har vi samla desse i *kapittel 2, Samandrag* under følgjande titlar:

- Frivilligheit og organisasjonsliv. Dette handlar m.a. om endra frivilligheit, medlemsutvikling, nye organisasjonsformer, økonomi, rekruttering, inkludering og behov for nettverk, kompetanse og regional organisering.
- Deltaking og barrierar. Dette dreier seg m.a. om endra demografi, underrepresentasjon av enkelte grupper i frivilligheita, styring og leiing, og utfordringar med deltaking grunna bakgrunn, privatøkonomi, sosial ulikskap og nedsett funksjonsevne.
- Samfunnsendingar. Her handlar det m.a. om velferdsstat i endring, samskaping som nytt styringsideal i det offentlege, kommunal frivilligpolitikk og moglege effektar av korona-pandemien.

Frivilligstrategi for Vestland 2021-2022

Hovudutvalet vedtok i juni 2020 at det skal lagast ein frivilligpolitisk strategi for Vestland, og at denne skal vere knytt mot Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Parallelt med dette går det føre seg eit omfattande arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, der frivillig sektor vil vere eit sentralt område.

Fylkesrådmann ser det som mest føremålstenleg å bruke dei regionale planane til å setje mål som blir følgt opp med tiltak gjennom handlingsprogram. Fylkesrådmann tilrår derfor at hovudutvalet vedtek ein forenkla frivilligstrategi for perioden 2021-2022, og at denne, saman med kunnskapsgrunnlaget, blir tatt med inn i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 og handlingsprogrammet til planen.

Frivilligstrategien bygger på mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, spesielt mål 4 *Like moglegheiter til å delta i verdiskaping* og strategi 4.1 *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn*.

Frivilligstrategien er formulert gjennom nokre få mål- og tiltakspunkt som kan følgjast opp av fylkeskommunen i tida framover i samhandling med frivilligheita i Vestland. Måla og tiltaka byggjer på funna i kunnskapsgrunnlaget, oppsummert i *kapittel 2. Samandrag*. Hovudmålet i strategien er: «Det skal vere enkelt å vere frivillig i Vestland». Dei tre delmåla er:

- Styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet
- Redusere barrierar for deltaking
- Møte samfunnsendringar vi står ovanfor

Frivilligheitas år 2022

Regjeringa vedtok gjennom Stortingsmelding 10 (2018-2019) *Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig*, at 2022 skal vere Frivilligheitas år. Året skal løfte frivilligheita som ein hjørnestein i den norske samfunnsmodellen og vise fram aktiviteten som skjer på frivillig basis i lokalsamfunn i heile landet. Frivillighet Norge har fått ansvaret med å koordinere Frivilligheitas år.

Dei overordna måla med Frivilligheitas år 2022 er å

- få fleire nye med i frivilligheita
- gjere fleire arenaer tilgjengelege
- skape større kjennskap til meirverdien frivillig sektor skapar i det norske samfunnet

Fylkesrådmann ser Frivilligheitas år 2022 som eit godt høve til å løfte og styrke frivillig sektor i Vestland, og ønskjer derfor at det blir lagt til rette for at både fylkeskommunen og dei frivillige organisasjonane kan ta del i markeringa.

Frivillig sektor og regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Vestland fylkeskommune sende i mars 2021 ut høyringsutkast til planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035. Planprogrammet vil bli vedtatt i fylkestinget 22. juni 2021. I høyringsutkastet blir det foreslått fire sentrale plantema:

- Vestland som ein leiande kulturregion
- Eit berekraftig kulturliv
- Deltaking, medborgarskap og mangfald
- Kulturell verdiskaping

Frivillig sektor vil kunne bidra til innhaldet, utfordringar og handlingar innan alle dei fire plantema. Frivilligheita er arrangør av eller bidrar med stor innsats ved større regionale og internasjonale arrangement, og samarbeider tett med profesjonelle aktørar innan kultur og idrett. På denne måten er frivillig sektor med å styrke Vestland som ein leiande kulturregion. Vidare tar frivillig sektor eit viktig ansvar for eit berekraftig kulturliv gjennom m.a. sosialt arbeid, inkludering og arbeid for å løyse klima- og miljøutfordringar. Frivillig sektor gjer ein stor jobb for auka deltaking, medborgarskap og mangfald gjennom tilrettelagte aktivitetar, dugnadsarbeid, opplæringsverksemd, tillitsvaldsarbeid og demokratiopplæring og -utvikling. Frivilligheita bidrar til kulturell verdiskaping ved å vere ei sterk samfunnsbyggande kraft som utviklar lokalsamfunna. Frivillig sektor er også sosiale entreprenørar som kan skape nye, lokale arbeidsplassar og er ein viktig bidragsytar til å halde ved like og utvikle dei kulturelle kraftsentera i Vestland, m.a. festivalar, idrettsmiljø, kulturminne og verdsarvområda.

Kunnskapsgrunnlaget og strategien for frivillig sektor i Vestland vil vere viktige bidrag i arbeidet med å utvikle regional plan for kultur, idrett og friluftsliv og handlingsprogrammet til planen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde, jf. *pkt. 2. Oppgåver* i reglement for folkevalde organ og delegering. Pkt. 2 slår m.a. fast at fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv, inkludering, mangfald og frivillig sektor er saksområde for utvalet. Saka er lagt fram på bakgrunn av vedtak i hovudutvalet i møte 4. juni 2020, sak 98/2020,.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Markering av og tilskot knytt til Frivilligheitas år 2022 vil kunne få konsekvensar for budsjett 2022.

Klima:

Frivillig sektor tar eit viktig ansvar for å løyse klima- og miljøutfordringar.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhøyrsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor viser i ein kunnskapsgjennomgang på frivilligheit og folkehelse til fleire studiar som peikar på ei positiv samanheng mellom deltaking i frivillig arbeid og sjølvrapportert god helse og livskvalitet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Frivilligheita sitt arbeid med FN sine berekraftsmål er med som del av kunnskapsgrunnlaget for frivillig sektor i Vestland.

Frivilligstrategien som er lagt fram i denne saka bygger på mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, spesielt mål 4 *Like moglegheiter til å delta i verdiskaping* og strategi 4.1 *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.*

Arbeidet med fylkeskommunal frivilligpolitikk er m.a. forankra i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027.

Konklusjon

Fylkesrådmann legg fram kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor til orientering og tilrår at hovudutvalet vedtar frivilligstrategi for Vestland 2021-2022. Ei tverrfagleg gruppe i fylkeskommune og ei referansegruppe med deltakarar frå regionale frivillige organisasjonar har arbeidd med kunnskapsgrunnlaget og strategien. Fylkesrådmann tilrår at måla og tiltaka i strategien blir tatt med i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035. Vestland fylkeskommune bør markere Frivilligheitas år 2022 gjennom arrangement i fylkeskommunen og frivillig sektor sin regi, og fylkesrådmann tilrår at det blir sett av midlar til dette i budsjettet for 2022.